

16. mars 2022

## Varsel om oppstart av detaljregulering for Buvatn hyttefelt 14/30 og del av 17/1 – Nissedal kommune

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008, § 12-8 blir det med dette varsla om oppstart av arbeid med detaljregulering for Buvatn i Nissedal kommune. Område høyrer til eigendom 14/30 og 17/1 PLANID: 2022001

Planområdet ligg i nordaustre hjørne av område omfatta av kommunedelplan for Kyrkjebygdheia. Området ligg på nordsida av Buvatnet og Svindsundvatnet. Planavgrensinga følgjer eigedomsgrensa på 14/30 i sør, aust og nord og i vest grensa på 17/1. Langs Svindsundvatnet følgjer plangrensa vegen til grense 14/30. I nord på 17/1 er plangrensa trekt noko lenger nord enn byggeområde i kommunedelplanen, dette for å få til ein veg med akseptable stigningsforhold. Området er om lag 379 daa. Planarbeidet er i samsvar med kommunedelplan Kyrkjebygdheia 2017-2028, vedtatt 16.02.2017, området er avsett til byggeområde for fritidsbustader. Planen er i tråd med overordna plan og er ikkje omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing.

Referat frå oppstartsmøte følgjer vedlagt til offentlege instansar, for andre kan det sjåast på kommunens heimeside.

Målet med planen er å regulere for hytter med veg og full sanitær standard. Området vil koplast på kommunalt vatn og avlaupsnett, plan for dette utarbeidast parallelt.

Planarbeidet vil følge dei føresegner og retningsliner som går fram av gjeldande kommunedelplan for Kyrkjebygdheia og kommuneplanen for Nissedal. AT skog as har hatt oppstartsmøte med Nissedal kommune i forkant av arbeidet, og har fått klarsignal om å varsle oppstart av planarbeidet. Oppstartsmøte ble gjennomført 28.02.2022.

Planarbeidet vil starte opp omgåande. Forslag til detaljplan er tenkt oversendt kommunen for behandling vinter 2022/23.

Vi ønsker at dei som har interesser i området og meningar om kva som er viktig å ta omsyn til, gir innspel om dette. Kommenterar/ merknader til planarbeidet skal sendast skriftleg til **AT- skog, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal** eller på e-post [mg@atskog.no](mailto:mg@atskog.no) innan 30.04.2022. Kopi kan sendast til Nissedal kommune på e-post: [postmottak@nissedal.kommune.no](mailto:postmottak@nissedal.kommune.no) eller til Nissedal kommune, Treungvegen 398, 3855 Treungen

Nærmare opplysningar kan man få ved å kontakte Mona Gundersen på tlf 957 94 342.

Vennleg helsing  
for **AT Skog AS**

Mona Gundersen

Vedlegg: Kartutsnitt med planavgrensing



Rødt område er reguleringsplanområdet.

